

## Flott Open Gard tilskipping i Luster



[23.08 2004] Bondelaga i Luster skipa saman med vertskapet June Nysæther og Steinar Schanke til Open Gard i Luster søndag den 22. august på garden Lie Nedre på Indre Hafslo. Trass i at det var andre tilskippingar i regionen var det innom 4-500 små og store besøkande i løpet av dagen.

Vertskaper driv med mjølkeproduksjon på Jersey-kyr, kjøtproduksjon på Aberdeen Angus og oppdrett av og ridetrening med islandshestar. Slik sett driv vertskapet slik landbruksministar Sponheim ynskjer med ein blanding av tradisjonell drift og satsing på nye nisjer. Gjestene kunne denne dagen sjå dei før nemnde dyra på nært hald. I tillegg kunne dei få nærkontakt med sauer og lam, kalvar, grisar, kaniner og undulatar.

Desse aktivitanene var svært populære:

*Hesteskyss enten med Jeanette Skophamar sitt tospann (dølahest) eller Norvald Røneid (fjording).*



*Barneriding på Islandshestar tilhøyrande vertskapet og naboar.*



*Gjetarhundoppvisning av Tage Skjaak Moen med 2 gjetarhundar (Border Collie).*



*Underholdning på to-radar ved spelemannen Leon Lunde.*

Aktivitetane føregjekk samstundes på ulike plassar. Ingen trengde å gå svolten frå Open Gard tilskipinga. 4H klubbane på Indre Hafslo og Gaupne varme pølser, juice, kaffi og kaker. Det vart elles selt rømmegraut frå Jostedalen og mylse frå Veitastrond.

Folk kosa seg i det fine ettersommarveret og attendemeldingane frå publikum var gode både med omsyn til området generelt og tilskipinga. Vertskapet og Bondelaga i Luster v/ leiar Tormod Kjørlaus er difor svært nøgde med frammøtet og tilskipinga generelt.



*Alle foto: ELIAS BOLSTAD*